



Saksbehandlar, innvalstefelefon
senioringeniør Kristin Eide, 71 25 84 33

Vår dato
22.08.2016
Dykkar dato
17.06.2016

Vår ref
2017/970/KRFI/421.3
Dykkar ref

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Aukra kommune
Kommuneplan - arealdel 2016 – 2028
Fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn – motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 17.06.2016, der kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 blir lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn, etter vedtak i Formannskapet den 13.06.2016, sak 66/16.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 01.04.2015. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av Statens vegvesen.

Statens vegvesen

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer Statens vegvesen motsegn til reguleringsplanen på følgande punkt:

- For å ivareta vegen sin transportfunksjon blir det reist motsegn til å etablere ny rundkøyring i krysset mellom fylkesveg 662 og fylkesveg 215 i Julsundet. Ut frå nye retningslinjer for rundkøyringar NA-2015/15, skal det ikkje etablerast rundkøyring på vegar med fartsgrense 80 km/t som er tilfelle her.
- Ettersom Fylkeskommunen som vegeigar kan vedta fravik, slik at det likevel kan byggast rundkøyring, må ein oppretthalde motsegna fremma ved første gongs offentleg ettersyn. Dette gjald den 4 arma på rundkøyringa mot aust og område O2, som er tiltenkt etablering av kapell og gravstad på austsida av fylkesveg 662/215.

Ettersom Fylkeskommunen som vegeigar kan vedta fravik slik at det likevel kan byggast rundkøyring, må ein oppretthalde motsegna til den 4 arma på rundkøyringa og område O2, som er tiltenkt etablering av kapell og gravstad på austsida av fylkesveg 662/215.

Heile fråsegna frå Statens vegvesen med faglege råd ligg som vedlegg.

Fylkesmannen

Generelt

Fylkesmannen hadde motsegn til følgende punkt ved første gongs offentlig ettersyn:

- Konsekvensutgreiing – manglande utgreiing
- Tursti Sandvika – Røyrvika
- H4 fritidsbustader – Juvika
- Byggeforbod langs sjøen
- Manglande øvre ramme for bruksareal for etablering av detaljhandel
- Barn og unge - leikeareal
- LNFS12 – bustadføremål
- T7 – campingplass
- NV15 – industri
- B20 – bustadføremål/manglande KU
- B18-19 og F1 – manglande KU
- B10-12-13 og P1 – bustadføremål
- B4-5 – bustadføremål
- Føresegner LNFS § 10.2
- Manglande omsynssoner og føresegner for areal med skredfare
- Manglande føresegner som sikrar tryggleik mot stormflo og havnivåstigning

På arbeidsmøte mellom kommune og Fylkesmann den 27.05.2016 vart det gjennomgått forslag til løysingar på fleire av Fylkesmannen sine motsegnspunkt. Vi viser også til dialog i etterkant. Vidare følger avklaring kring våre motsegnspunkt gitt ved første gongs høyring, samt merknader til nokon av dei nye innspela/endingane som har kome til ved andre gongs offentlig ettersyn.

Konsekvensutgreiing

Ved første gongs offentlig ettersyn har Fylkesmannen motsegn til konsekvensutgreiinga fram til kvart utbyggingsområde er konsekvensutgreidd. For natur- og miljøverninteressene gjeld dette særleg områda for tursti Hollingen, tursti Sandvika, SB11, NV8, SB7 og T2, LNFS2, LNFS3.

Aukra kommune har ved andre gongs offentlig ettersyn konsekvensutgreidd utbyggingsområde der dette mangla, og Fylkesmannen kan **trekke si motsegn**.

Natur- og miljøvern

Tursti Sandvika – Røyrvika

Vi viser til vår fråsegn der vi har motsegn fram til turstien blir forankra i føresegna med krav om detaljregulering. Dette er eit plangrep for å sikre at verdifulle naturverdiar blir tatt omsyn til ved realisering av turstien. I tillegg må stien konsekvensutgreiast.

I møte med kommunen den 27.05.2016 var det semje om at *Røyrvika-Rishaug naturbeitemark (A)*, *ei sand- og grusstrand (B)* og *ei sanddyne (B)* må takast omsyn til ved realisering av turstien.

Aukra kommune har ved andre gongs offentleg ettersyn gitt retningsline om at «ved etablering av turstiar i LNF-områda skal det takast kontakt med Fylkesmannen for krav og råd i høve til konkret plassering i terrenget. For turstien Sandvika / Varden til Røyrvika skal konkret trase løysast med felles synfaring og plassering av midtlinje.

Fylkesmannen ønskjer ikkje å legge opp til at det blir lagt føringar i retningslinene til kommuneplanen om kontakt/deltaking av Fylkesmannen ved etablering av turstien. Det må i staden gå fram av planføresegnene at utvalgte naturtyper blir tatt omsyn til ved etablering av turstien Sandvika-Røyrvika.

Fylkesmannen kan **trekke motsegna** forutsatt at planføresegnene sikrar at utvalte naturtyper blir tatt omsyn til ved etablering av turstien Sandvika-Røyrvika.

H4 fritidsbustader – Juvika

Fylkesmannen hadde av omsyn til landskapsverknadane motsegn til deler av H4 ved første gongs offentleg ettersyn.

Kommunen held fram at plasseringa av hyttefeltet er gjort med tanke på å samle inngrep. Hyttefeltet ligg nært Juvika småbåthamn og vil såleis sikre tilkomst til sjø og båtliv. Det er god avstand mellom hyttene og strandsona. Det er god plass til turstien / kyststien som kjem frå sør og endar i småbåthamna. I Juvika elles er det ein kombinasjon av busetnad og næringsverksemd. Planen for hyttefeltet har tatt omsyn til landskapet med å legge hyttene inn i terrenget, og søkje unngå silhuettverknad. Ny tilkomstveg til hyttefeltet og Juvika småbåthamn er lagt inn for å avlaste tilkomstvegen til området i dag. Rådmannen synes at argumenta om estetikk og landskapsbilete i høve dei fremste tomtene er svakare enn effektiv arealutnytting i eit område som alt i stor grad er bygd ut.

Med utgangspunkt i kommunen sin samla vurdering vil Fylkesmannen **trekke si motsegn** til H4.

Byggeforbod langs sjøen

Vår motsegn av 12.08.2015 er som følger: «Kommunen kan berre endre på utstrekninga av byggeforbodssona, men ikkje endre på innhaldet i byggeforbodet. Dette følgjer av pbl. §§ 1-8 og 1-6. I omsynssone H530 må byggeforbodet etter pbl. § 1-8 gjelde. I tillegg må holmar

og skjer omfattast av byggeforbodet etter pbl. § 1-8. Fylkesmannen har motsegn til dette kjem klart fram av plana».

Kommunen har supplert den overordna konsekvensutgreiinga med omtale av dei områda som har kortare grense mot sjøen enn 100 meter. Føresegn § 13.2 er revidert i høve pbl § 1-8, samstundes som holmar og skjær er inkludert i omsynssone H 530. Fylkesmannen kan dermed **trekke si motsegn**.

Manglande øvre ramme i føresegnene for bruksareal for etablering av detaljhandel (Forskrift om rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter)

Fylkesmannen har motsegn til § 6.4 i føresegnene fram til det for areal med formål *foretning (retting: sentrumsområde)* i Jusundet blir sikra at øvre ramme for handel med anna enn plasskrevjande varer i utgangspunktet er eit bruksareal på 3000 m2, jf. kjøpesenterforskrifta.

Kommunen har ved andre gongs ettersyn langt på veg imøtekome vår motsegn, jamfør føresegn § 6.4.

Fylkesmannen kan **trekke si motsegn**, forutsatt at føresegn § 6.4 b) blir justert som følger: «*Det er ikkje tillate å etablere og utvide kjøpesenter med samla bruksareal for detaljhandel på meir enn 3000 m2 utafor kommunesenteret på Falkhytten, jamfør Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre*».

Kjerringsundet – motsegn - ny

Vegløysing over Kjerringsundet og Gossen var ved 1. gongs offentleg ettersyn vist i plankartet med H710 *Bandlegging for regulering etter plan- og bygningsloven*, der H710 sikra areal for fleire alternative vegliner over sjølve Kjerringsundet.

Ved 2. gongs offentleg ettersyn er bandleggingssone H710 redusert til ei vegline, det vil seie same line som ligg i reguleringsplan som er i prosess. Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har motsegn til reguleringsplan Kjerringsundet, jamfør vår fråsegn til planen av 15.02.2016. Korleis motsegna blir løyst er enno uavklart. For at ikkje kommuneplan Aukra skal legge uheldige føringar for reguleringsplan Kjerringsundet må H710 ha same utstrekning som i plankart ved første offentleg ettersyn. Vi har **motsegn** fram til H710 er justert.

Naustområde på gnr3 bnr1 – motsegn - ny

Folk som bur i området bør ha høve til å ferdast og opphalde seg ved sjøen, og den aktuelle stranda har ferdsels- og opphaldskvaliteter, og ligg i eit område med busetnad i vest og sørvest (Berglia). Sjølv om deler av stranda ligg som naustområde i gjeldande kommuneplan, er det berre unntaksvis bygd naust her.

Innspelet fører til at strandstrekka blir eit samanhengande utbyggingsområde avsett til næring og naustbygging. I dag ligg arealet på gnr1 bnr3 som LNF, og opnar for at ålmenta skal ha tilgang til å ferdast og opphalde seg på strandstrekka.

Med å etablere naustformål og så på gnr3 bnr1 vil ålmenta sin tilgang til stranda bli fordra, trass i at kommunen har planføresegner som skal sikre ferdsel mellom naust og

hindre tiltak i naustområde som kan privatisere areala kring nausta. Vår vurdering er at eksisterande naustområde vil dekkje behovet for naustbygging i planperioden, og at kommunen er betre tent med at arealet på gnr3 bnr1 forblir LNF. Vi har **motsegn** til at gnr3 bnr1 får formål naust (Andre typar bygningar og anlegg - naust).

Småbåthamn i Røssøyvågen (SB10)

Kommunen har som følge av innspel ved andre gongs høyring tatt småbåthamna SB10 i Røssvågen ut av planen fordi det ikkje er blitt etablert småbåthamn/-anlegg her i forrige planperiode.

Generelt er det eit godt plangrep at det i kommuneplanen er lagt ut nok areal til småbåthamn/-anlegg, for dermed å redusere byggepress i strandsona. Kommunen bør vurdere om det er nok med båthamner /-anlegg i dette området som vil dekke etterspørselen i neste planperiode.

Støy

Omsynssone H210 og H220

Kommunen har ved andre gongs offentleg ettersyn tatt inn i plana omsynssone støy kring skytebane, motorcrossbane og næringsareal. Dette er i tråd med føringane gitt i T-1442/12. Vi viser til T-1442/12 der det blir halde fram at omsynssone støy i kommuneplanen bør innehalde dei viktigaste støykjeldene i kommunen, deriblant også vegtrafikkstøy. Vi rår til at omsynssone støy blir supplert med vegtrafikkstøy kring vegane i kommunen, jamfør sjablong utarbeidd av Statens vegvesen.

T-1442 juridisk bindande

Støy er eit miljøproblem som rammer svært mange menneske i Norge. Om lag 1,7 millionar nordmenn er utsatt for eit gjennomsnittleg støy nivå over 50 dB ved eigen bustad, og kring ein halv million er i stor grad plaga av støy. Støy bidreg til redusert velvære og mistriivsel, og påverkar difor folk sin oppførsel og helsetilstand. Samferdselsektoren står for nesten 90 prosent av dei registrerte plagene, og vegtrafikken åleine for nærare 80 prosent.

Handlingsplan mot støy 2007-2011, oppdatering ut 2015 har satt følgjande nasjonale mål for å imøtekoma denne utfordringa:

- Støyplagene skal reduserast med 10 prosent innan 2020 i høve 1999
- Tal personar utsatt for over 38 dB innandørs støy nivå skal reduserast med 30 prosent innan 2020 i høve 2005.

I tillegg til å sette i verk nasjonale tiltak som reduserer støyen ved kjelda, er det svært viktig å legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som førebyggje støyproblem. Førebygging gjennom riktig arealbruk er antakeleg det mest kostnadseffektive tiltaket mot støy.

Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*, med tilhøyrande rettleiar M-128, vart oppdatert i 2012 og skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Aukra kommune har *retningsline* i kommuneplanen om at T-1442/12 skal leggest til grunn ved handsaming av tiltak nær støykjelder.

Fylkesmannen rår på det sterkaste til at T-1442/12 blir gjort juridisk bindande for kommuneplanen. Forslag til tekst i føresegna er: «Retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/12 skal ligge til grunn ved planlegging og ved behandling av byggesaker».

I tillegg er teksta i føresegn § 5.4 lite konkret kva gjeld krav til støyanalyse. Vi rår til at kommunen nyttar «skal» i staden for «kan» for på den måten å gjere føresegna konkret.

Landbruk

Vi kan ikkje sjå at Aukra kommune har laga ein oversikt over antal daa dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og dyrkbart areal som går tapt på grunn av kommuneplana, dette gjeld kvar særskilt tiltak og samla for heile plana. Eit tydeleg arealreknskap med samla konsekvensvurdering for landbruket er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for kommunens politikarar før ein fattar endeleg vedtak. Fylkesmannen sett dette som krav før eigengodkjenning av kommuneplanens arealdel. Det nasjonale jordvernmålet, fastsett av Stortinget 08.12.2015, er at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 daa. Dette skal skje gradvis innan 2020. <https://www.fylkesmannen.no/PageFiles/825262/Oppf%c3%b8lging%20av%20nasjonal%20jordvernstrategi.pdf>.

Aukra kommune skriv sjølv i planomtala at «*Den langsiktige verknaden av arealstrategien vert vurdert som negativ i høve at sentrale, gode landbruksareal vil forsvinne*». Dette bryt tydeleg med det nasjonale målet om auka matproduksjon og redusert omdisponering av dyrka mark, jamfør oppfølging av nasjonal jordvernstrategi. Fylkesmannen etterlyser konkrete tiltak frå Aukra kommune, i tillegg til omsynssone landbruk H510, for å oppfylle dei nasjonale målsettingane. Til dømes er det sterkt ønskeleg med nydyrking som kompenserende tiltak der dyrka mark og matproduksjon vert omdisponert til andre viktige samfunnsføremål. Dette er ikkje nemt i KU-vurderingane. For meir om jordvern viser vi til heimesida vår; <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/?id=4132&epslanguage=nn>

LNFS12 – innspel nr. 6 i første gongs høyring

Innspelet gjeld ønskje om etablering av bustadområde på det som i dag er fulldyrka jordbruksareal. Arealet er på 10 dekar, ligg sørvendt og er arronderingsmessig godt tilpassa for aktiv landbruksdrift og matproduksjon. Området grensar også inntil ein større teig med dyrka mark. Fylkesmannen meiner at større samanhengande landbruksområde i aktiv drift bør vernast om, og vi har motsegn på etablering av bustadområde jf. innspel 6 gbnr. 2/5.



Aukra kommune har imøtekome vår merknad, og vi **trekkjer motsegna** til LNFS12.

T7 – Breivika Camping – innspel nr. 7 i første gongs høyring

Tiltaket gjeld utviding av eksisterande campingplass i Breivika. I planområdet er det på gardskartet hjå Skog og Landskap 11 ½ dekar fulldyrka jord som vil verte omdisponert ved gjennomføring av tiltaket. Området er solrikt og godt eigna til landbruksdrift. Planområdet grensar også til ein større teig med dyrka mark mot nord, noko som kan gje drifts- og miljømessige ulemper for dette arealet ved etablering av hotell og campinghytter på T7. Fylkesmannen ønskjer ei konkret behovsvurdering for utvidinga, der det også vert vurdert moglegheiter for fortetting på eksisterande campingområde og alternative område for plassering av hotell, campinghytter m.m. innanfor dagens planområde. Vi har på vegne av landbruksinteressene motsegn på T7.



Rådmannen har valt og vise gjeldane reguleringsplan i plankartet, og merknadane frå landbruk vert teke med vidare i revidering av reguleringsplana. Vi **trekkjer då motsegna** til T7.

NV15 – Tahaugen Industriområde – innspel nr. 13 i første gongs høyring

Området består av ca. 25 dekar fulldyrka mark der størstedelen av arealet er ønskja omdisponert til næringsområde. Kommunen har i konsekvensutgreiinga tilrådd at arealet vert redusert til ikkje å gjelde dyrka marka, men plankartet syner framleis heile jordbruksarealet som industriområde. Arealet ligg også i sin heilheit i «H510 Omsynssone landbruk». Fylkesmannen har motsegn inntil område NV15 er revidert og dyrka marka utgår frå planområdet, samt at det vert ein god buffersone mellom industriområde og dyrka marka for å hindre drifts- og miljømessige ulemper.



Deler av dyrka jorda, ca. 16 daa vert utelatt og solgt til gardsbruk i drift. Viser til konklusjon i KU; Området i søraust er redusert ytterlegare etter 1 høyring slik at mindre dyrka jord blir rørt og lagt inn i kommuneplanen som industriområde. Fylkesmannen **trekkjer motsegna** til NV15.

B20 – Falkhytten – innspel nr. 36 i første gongs høyring


Sentrumsnært område som er ønska omdisponert til bustadområde. Det er ikkje samsvar mellom figur i konsekvensutgreiinga og plankartet. Fylkesmannen har motsegn på B20 inntil enten heile område jf. plankartet er konsekvensutgreidd eller at område er revidert i høve innspelet, og at tiltaket ikkje kjem innfor «H510 Omsynssone landbruk».



Innspelet er konsekvensutgreidd, og kommunen viser til at jordvernet må vike på grunn av at framtidig utviding av busetnaden i kommunesenteret oppfyller intensjonane i «Statlege planretningslinjer for samordna bustad, - areal- og transportplanlegging, og omsynet til barn og unge og trafikktryggleik. Fylkesmannen vil vise til at det ikkje er noko automatikk i at jordvernomsynet må vike for samordna bustad, - areal – og transportplanlegging, då dette må vurderast frå sak til sak, men etter ei totalvurdering vil vi likevel **trekkje motsegna** til B20.

B18 og B19 og F1 – bustadområde og friområde - Falkhytten

To sentrumsnære bustadområder som ikkje har vorte konsekvensutgreidd. Området er på tilsaman ca. 20 dekar lettdyrka landbruksareal. Heile arealet består av ca. 50 dekar fulldyrka jord. Ut ifrå plankartet er det vanskeleg å tyde om resterande areal allereie er omdisponert til bustadføre mål eller ikkje, og om F1 er ny eller eksisterande. Fylkesmannen har motsegn inntil bruksføre måla er avklart og at dei nemde områda på plankartet vert konsekvensutgreidd.



Same vurdering som til innspel B20. Fylkesmannen **trekkjer motsegna** til B18-B19-F1.

B10-12-13 og P1 – Matberget – innspel 55 i første gongs høyring

Område som er ønska avsett til bustadføremål. Planområdet inneheld ca. 25 dekar med fulldyrka mark jf. gardskartet hjå Skog og Landskap. Arealet er stadvis fuktprega som skildra i konsekvensutgreiinga, men samstundes er det fullt ut mogleg å drive tradisjonell landbruksdrift på teigen. Fylkesmannen har motsegn på områda B10-B12-B13 og P1.



Aukra kommune har fått utarbeida ein folketalsstatistikk med framskriving, samt ein oppsummering av tilgjengeleg bustadar i Julsundet. Desse syner at Julsundet er det området i Aukra med størst utbyggingspress og minst tilgjengelege tomter. Sjølv om det ikkje er lagt fram noko alternative lokalitetar, så **trekkjer Fylkesmannen motsegna** til B10-12-13 og P1.

B5 - innspel nr. 56 i første gongs høyring - Eidskrem

To område på Eidskrem som er ønska til bustadføremål som må sjåast i samanheng. B5 er eit innspel til kommuneplanen der ein teig dyrka mark på 6 dekar inngår i planområde. Etter informasjon frå kommunen var B4 i eksisterande plan avsett til LNF-område, medan det på plankartet er vist som noverande bustadområde. Fylkesmannen tolkar det slik at fargen på plankartet er feil. Det er pågåande reguleringsplanarbeid for B4, men det er enno ikkje meldt oppstart for arbeidet til sektorstyresmakter jf. informasjon frå Aukra kommune. Planområdet har ei fulldyrka mark på ca. 4 dekar som grensar til naboteigen. Fylkesmannen har motsegn på vegne av landbruksinteressene på B4 og B5.



Vi viser til vår vurdering jf. Matberget som beskriv at Julsundet er det området i Aukra med størst utbyggingspress og minst tilgjengelege tomter. Sjølv om det ikkje er lagt fram noko alternative lokalitetar, så **trekkjer Fylkesmannen motsegna** til B5.

LNF med høve til spreidd busetnad

Kommunen har teke inn føresegner om høgste tillatne tomtstorleik og utnyttingsgrad. Ut ifrå dette kan vi **trekkje motsegna** til LNF med høve til spreidd busetnad. Kommunen skriv i sin planomtale 4.2.8 under 4. *Landbruk* at dyrka og dyrkbar jord skal unngåast nedbygd, og at driftsmessige ulemper skal unngåast. Med driftsmessige ulemper legg Fylkesmannen til grunn tiltak som minsteavstand til driftsbygningar og landbruksareal i drift, og at tilkomstveg ikkje skal omdisponere eller fragmentere dyrka/dyrkbar jord. Dette kunne med fordel vore retningsliner under føresegnene til § 10.2 LNF, bokstav b. Dei same vurderingane gjeld også for 5.5.2.2 *Lokaliseringkriterier* i planomtala.

Sporsem – innspel nr. 40 – bustad - ny

Etablering av 3 bustadar på landbruksareal. Tiltaket er plassert på dyrka mark i LNFS3, og bryt med lokaliseringkriteria jf. LNF med høve til spreidd busetnad. Fylkesmannen oppmodar sterkt, som kommunen, om alternative plasseringar av bustadtomtene, da dyrka marka er på ca. 8 daa og det er, uti frå gardskartet hjå NIBIO, moglegheiter for nydyrking av eit større samanhengande jordbruksområde.

Samfunnstryggleik

Fylkesmannen hadde motsegn til planen på grunn av manglande omsyn til potensiell skredfare. Det er no knytt føresegn til temakarta som viser omsynssoner for skred. Føresegna seier derimot ikkje noko om kva krav som gjeld for desse omsynssonene. Krav til eventuelle tiltak i omsynssonene er i staden skildra under rammeføresegnene i § 3.1 som omhandlar byggjegranser. Vi meiner krav til tiltak i omsynssoner skal skildrast i *føresegnene knytt til omsynssonene*. Dette gjeld òg for føresegna som er knytt til omsynssone for flaum. Med føresegnad om at dette blir endra, **trekker Fylkesmannen motsegna** som går på manglande omsyn mot skredfare.

Planføresegnene set krav til tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og havnivåstiging. Fylkesmannen **trekker motsegna** som går på manglande tryggleik mot stormflo/havnivåstiging.

Vidare er vi nøgd med att planføresegnene no tek omsyn til magnetfelt frå høgspennelinjer, og sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot dette.

Barn og unge

Fylkesmannen hadde i fråsegn av 12.08.2015 motsegn til at funksjons- og rekkefølgekav for leikeplassar ikkje var sikra i føresegnene til kommuneplanen.

Kommunen har ved andre gongs offentleg ettersyn imøtekome motsegna ved at føresegn 3.3.2 er justert. Fylkesmannen kan **trekke motsegna** knytt til leikeareal for barn og unge.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadane over og trekker følgande motsegner gitt ved fråsegn til første offentleg ettersyn:

- Konsekvensutgreiing – manglande utgreiing
- Tursti Sandvika – Røyrvika, forutsatt at omsyn til naturverdiar blir sikra i føresegnene
- H4 fritidsbustader – Juvika
- Byggeforbod langs sjøen
- Manglande øvre ramme for bruksareal for etablering av detaljhandel, forutsatt justering av tekst i føresegnene
- Barn og unge - leikeareal
- LNFS12 – bustadføremål
- T7 – campingplass
- NV15 – industri
- B20 – bustadføremål/manglande KU
- B18-19 og F1 – manglande KU
- B10-12-13 og P1 – bustadføremål
- B5 – bustadføremål
- Føresegner LNFS § 10.2
- Manglande omsynssoner og føresegner for areal med skredfare, forutsatt at tiltak i omsynssoner blir skildra i *føresegnene knytt til omsynssonene*
- Manglande føresegner som sikrar tryggleik mot stormflo og havnivåstigning

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjar vi motsegn til planen på følgjande punkt:

- Naustområde på gnr3 bnr1
- Omsynssone H710 Aukratangen - Kjerringsundet

På vegne av Statens vegvesen blir det fremma motsegn til planen ut frå at det er planlagt ei ny rundkøyring i krysset mellom Fv 662 og fylkesveg 215 i Julsundet. Ut frå nye retningslinjer NA-2015/15 er det ikkje tillate å ha rundkøyring på vegar med 80 km/t slik det er på denne strekninga. Ettersom Fylkeskommunen som vegeigar kan vedta fråvik frå dette, står også motsegna fremma ved første gongs offentleg ettersyn ved lag.

Fylkesmannen har trekt ei rekke motsegner frå første gongs offentleg ettersyn og sit att med motsegn til areal for naust på gnr3/bnr1 og at det må takast inn ei omsynssone H710 i området Aukratangen-Kjerringsundet.

Dersom kommunen ønsker arbeidsmøte for å gå gjennom motsegnene og drøfte aktuelle løysingar, er det berre å ta kontakt med Fylkesmannen.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef- plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar:

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Vedlegg:

Statens vegvesen sin uttale til 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplan

Kopi med vedlegg:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest, pb. 53, 6801 Førde